

Saksprotokoll 28.04.2020 - fylkeseldrerådet

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek følgjande høyringsuttale til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - strategiar og planbehov:
Fylkeseldrerådet i Vestland meiner at framlegget frå planutvalet til Utviklingsplan for Vestland legg eit godt grunnlag for vidare arbeid.

Rådet vil likevel komme med følgjande innspel:

Mål 1 - Klima miljø som premiss for samfunnsutvikling:
Når det gjeld «Det offentlege som ansvarleg innkjøpar» er det viktig at ein i så stor grad som mogleg, bør nytte seg av lokale leverandørar ved innkjøp. Dette vil gje størst effekt på klima m.v.

Mål 2 - Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv:

I punktet «Gode og levande lokalsamfunn» siste punktet må takast med.
Utvikling av bustader tilpassa alle grupper og alderstrinn i befolkninga er viktig å få til, og då gjerne som samlokaliseringar. God kontakt med lokale investorar/utbyggjarar er nødvendig for å finne gode berekraftige løysingar.

Under punktet «Trygg og miljøvenleg mobilitet» bør føyst til: I større grad bør ein i utkantane gå over til å nytte seg av bestilt transport. Serviceskyssen er eit slikt eksempel.

I punktet om stort forfall og etterslep på vedlikehald på fylkesvegnettet vil dette også ha stor påverknad på om det vil bu folk i utkantane i framtida.

Under punktet «Trygg og miljøvenleg mobilitet» trafikksikkerheit og nullvisjon bør ein ta med at midtdelar på riksvegar og separering av bil og gang/sykkelvegar må vektleggjast.

Under punktet infrastruktur, kvalitet og innovasjon i tenestetilbodet bør ein ta inn følgjande:
Digital infrastruktur må utformast universelt og ta omsyn til at brukarane vanlegvis vil ha svært ulik ståstad.

Mål 3 - Like moglegeheter til å delta i verdiskaping:

I punktet «Opne og inkluderande arenaer» bør vi ta med at frivillig arbeid er heilt avgjerande og at kommunane må ta ansvaret med å koordinera og planleggja dette arbeidet i samarbeid med frivillige organisasjonar.

Regional plan for folkehelse:

Det er gjort framlegg om å ikkje utarbeide ein ny plan for Vestland fylke.
Rådet er usamrd i dette. På bakgrunn av endringane den seinaste tida med planar for «Eit aldersvenleg samfunn», «Leve heile livet» og det siste med covid-19 og helsekrisa, ser vi det som viktig å få utarbeidd ein ny helseplan for Vestland fylke.

Rådet er også svært oppteken av framlegget om å utarbeide ein «Temaplan-strukturplan for tannklinikkar». Tannhelse er eit viktig helsetiltak og er derfor svært viktig, spesielt for eldre.

Rådet ser fram til det vidare arbeidet med Utviklingsplan for Vestland 2020-2024.»

Avrøysting

Ekroll sitt forslag til uttale vart samråystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek følgjande høyringsuttale til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - strategiar og planbehov:
Fylkeseldrerådet i Vestland meiner at framlegget frå planutvalet til Utviklingsplan for Vestland legg eit godt grunnlag for vidare arbeid.

Rådet vil likevel komme med følgjande innspel:

Mål 1 - Klima miljø som premiss for samfunnsutvikling:

Når det gjeld «Det offentlege som ansvarleg innkjøpar» er det viktig at ein i så stor grad som mogleg, bør nytte seg av lokale leverandørar ved innkjøp. Dette vil gje størst effekt på klima m.v.

Mål 2 - Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv:

I punktet «Gode og levande lokalsamfunn» siste punktet må takast med.

Utvikling av bustader tilpassa alle grupper og alderstrinn i befolkninga er viktig å få til, og då gjerne som samlokaliseringar. God kontakt med lokale investorar/utbyggjarar er nødvendig for å finne gode berekraftige løysingar.

Under punktet «Trygg og miljøvenleg mobilitet» bør føyast til: I større grad bør ein i utkantane gå over til å nytte seg av bestilt transport. Serviceskyssen er eit slikt eksempel.

I punktet om stort forfall og etterslep på vedlikehald på fylkesvegnettet vil dette også ha stor påverknad på om det vil bu folk i utkantane i framtida.

Under punktet «Trygg og miljøvenleg mobilitet» trafiksikkerheit og nullvisjon bør ein ta med at midtdelar på riksvegar og separering av bil og gang/sykkelvegar må vektleggjast.

Under punktet infrastruktur, kvalitet og innovasjon i tenestetilbodet bør ein ta inn følgjande: Digital infrastruktur må utformast universelt og ta omsyn til at brukarane vanlegvis vil ha svært ulik ståstad.

Mål 3 - Like moglegheiter til å delta i verdiskaping:

I punktet «Opne og inkluderande arenaer» bør vi ta med at frivillig arbeid er heilt avgjerande og at kommunane må ta ansvaret med å koordinera og planleggja dette arbeidet i samarbeid med frivillige organisasjonar.

Regional plan for folkehelse:

Det er gjort framlegg om å ikkje utarbeide ein ny plan for Vestland fylke.

Rådet er usamd i dette. På bakgrunn av endringane den seinaste tida med planar for «Eit aldersvenleg samfunn», «Leve heile livet» og det siste med covid-19 og helsekrisa, ser vi det som viktig å få utarbeidd ein ny helseplan for Vestland fylke.

Rådet er også svært oppteken av framlegget om å utarbeide ein «Temaplan-strukturplan for tannklinikkar». Tannhelse er eit viktig helsetiltak og er derfor svært viktig, spesielt for eldre.

Rådet ser fram til det vidare arbeidet med Utviklingsplan for Vestland 2020-2024.